



Årsplan

Sept 2021-aug 2023




Langevåg barnehage

Ein barnehage som blømer heile året

INNHOLD

Oppbygging av organisasjonen	s.3
Avdelingane våre	s.4
Personalet i barnehagen	s.5
Pedagogisk dokumentasjon	s.5
Visjon og verdiar	s.6
Vårt barnesyn	s.6
Barns medverknad	s.7
Foreldresamarbeid	s.7
Omsorg, leik og læring	s.8
Danning	s.9
Inkluderande barnehagemiljø	s.9
Sosial kompetanse	s.11
Språkarbeid	s.11
Den digitale praksisen til barnehagen	s.12
Mat og måltid	s.13
Overgangar	s.14
Trafikksikker barnehage	s.15
Fagområda	s.16



Årsplanen er godkjent i Styret/SU 01.09.21

Organisasjonen

Langevåg barnehage SA er ein privat, foreldre-eigd barnehage. Barnehagen blei bygd som ein 2-avdelings barnehage i 2002. Frå 2010 til august 2021 var det ein 3-avdelings barnehage, men frå aug 2021 er det tilbake til 2 avdelingar. Me er 10 tilsette fordelt på 8,2 årsverk. Langevåg barnehage er ein godkjent praksisbarnehage. Det vil seie at me kan ta imot studentar frå barnehagelærarutdanninga ved HVL (Høgskulen på Vestlandet).

Foreldreråd

Alle foreldre/føresette til barn i Langevåg barnehage er medlem av foreldrerådet. På foreldremøte kvar haust blir det valde to personar frå foreldrerådet som skal fungere som talsmenn for foreldra. Dei skal representere foreldra i SU. Alle foreldre/føresette har sjølv eit ansvar for å ta kontakt med foreldrerepresentantane dersom dei har innspel i høve til innhaldet i barnehagen.

Samarbeidsutvalet (SU)

SU består av representantar frå foreldra (val på foreldremøte hausten 2021) og tilsette (Kari Anne Vold og Marianne Kolbjørnsen). Styrar representerer styret. SU skal godkjenne årsplanen og dei har uttale- og forslagsrett ved saker som gjeld barnehagen sitt innhald. Samarbeidsutvalet skal vera et kontaktskapande, rådgjevande og eit samordna organ for alle partar. SU skal ha minst to møter i løpet av barnehageåret.

Årsmøte

Årsmøtet er barnehagen sitt øvste organ. Det består av alle foreldra med barn i barnehagen og som har kjøpt andel pålydande kr. 500.- . Kvart medlem har ei stemme. Det er årsmøtet som skal ta avgjersler vedrørande større saker som gjeld barnehagedrifta. Dette gjeld t.d. å godkjenne årsrekneskap, fastsetje budsjett, vedtektsendringar m.m. Årsmøtet vel representantar til styret og gjev dette fullmakt til å ta ansvar for barnehagedrifta. Styrar har ansvar for den daglege drifta og styret er styrar sin overordna.

Styret i Langevåg barnehage 2021/2022 består av:

Torill Stensen, leiar (1 år)

Maria L Eidesvik, nestleiar (2 år)

Maria R Urang, styremedl. (2 år)

Inger T Nilssen, styremedl. (1 år),

Alexandra Cederstrøm, styremedl. (1 år)

Avdelingane våre

Solstråle 0-6 år

Mobil: 98 60 12 85

solstrale@langevagbarnehage.no

Marianne Kolbjørnsen, ped.leiar 100%

Nina Hatlevik, assistent 80%

Evy Hovland, assistent 80 %

Johannes Voll, barnehagelærar 40%

Måneskinn 2-6 år

Mobil: 94 25 62 84 / 41 06 22 83

maneskinn@langevagbarnehage.no

Merete Toft, ped.leiar 100%

Johannes Voll, barnehagelærar 60%

Kari Anne Vold, assistent 80%

Elisabet Økland, assistent 80%

Audhild Geitung, assistent 60%

Aud Elise Kallevåg, assistent 40%

Administrasjon

Tlf: 53428770

Mobil: 48 99 01 65

styrar@langevagbarnehage.no

Ina Barane, styrar 100%

Personalet i barnehagen

"Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalgruppa skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal sørge for gode relasjoner mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra" (Rammeplanen, s.15).

Ein lærande organisasjon betyr ein organisasjon som er i endring, der personalet saman klarer å reflektere rundt den daglege praksisen. Styrar og pedagogiske leiarar skal leggje til rette for at personalet skal få moglegheit til å dele erfaringar og meininger, og til å delta i felles refleksjonar, slik at personalet kan lære av kvarandre og arbeide i same retning.

Personalet i barnehagen vår har mange ulike kvalitetar og ressursar, og alle kan bidra på sin måte. Det er med på å understreke mangfald i eit fellesskap og at barn lærer å forhalde seg til ulike menneske. Gjennom rammeplan og lovverk blir det stilt store krav og høge forventningar til personalet i barnehagen, og me skal gjennom refleksjon, samarbeid og målretta arbeid sikre at dette blir ivaretatt.

Pedagogisk dokumentasjon

Pedagogisk dokumentasjon er ein arbeidsmåte for refleksjon, og handlar om å gjere pedagogisk arbeid open for tolkning, dialog, diskusjon og innsikt. Pedagogisk dokumentasjon er ein kollegial arbeidsmåte som bidreg til at barnehagen er lærande, og har til hensikt å utfordre og videreutvikle personalets syn på barn, læring og kunnskap. Me er ein lærande barnehage når me klarer å endre og forbetra oss basert på det me ser og opplever gjennom vår kvardag (udir).

Pedagogisk dokumentasjon har nokre faste element: *Observasjon, dokumentasjon, deling, refleksjon, tolkning og val*. Dokumentasjon av barnehagens praksis blir til pedagogisk dokumentasjon når personalet og barna reflekterer og diskuterer. Barns beste skal vera vårt fokus, og pedagogisk dokumentasjon heng saman med barns medverknad .

Me skal bruke praksisforteljingar (dokumentasjon) som utgangspunkt når me skal reflektere over praksis. Vår arena for dette er fellesmøter og avdelingsmøter, og saman kan me tolke og analysere praksis for å videreutvikle oss. Me jobber mykje med IGP-arbeid (individuell, gruppe, plenum) for å skape ny innsikt og forbetra praksis.

Visjon og verdiar

Langevåg barnehage- ein barnehage som blømer heile året.

Ein visjon fortel noko om kva me ynskjer å oppnå. Det er noko me skal strekkje oss etter og ta utgangspunkt i når me former vår identitet og våre mål for barnehagen. Ein visjon er ikkje målbar. Den byggjer på eit sett med verdiar og skal hjelpe oss å peike ut retninga i arbeidet vårt. Vår visjon byggjer på verdiane:

omsorg, tryggleik og respekt.

Visjonen skal skape motivasjon og engasjement i personalgruppa, og visjonen skal vera klar for alle. Derfor må me vite noko om kva det tyder å bløme. Me må vite noko om kva tid barna blømer og kva tid me sjølv blømer.

Visjonen ligg til grunn for hovudmålet vårt:

Alle barn i Langevåg barnehage skal trivast, oppleva livsglede og blomstre.

Vårt barnesyn

Alle barn er unike og barns beste skal stå i fokus. Barnehagen skal bidra til at alle barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik, og at barnekulturen blir ivaretatt på beste måte. Ein barnekultur blir forma av dei barna som til ein kvar tid går i barnehagen, og alle spelar ei like viktig rolle. Derfor skal me dyrke mangfaldet og setje pris på at det er ulike måtar å tenkje og handle på.

Barnehagen skal bidra til at barn får utvikle nysgjerrigheita si. Barn er i startfasen av livet, og nysgjerrigkeit er ei drivkraft for å lære nye ting, både om seg sjølv og omgjevnaden. Barn lærer ofte fort, og har kunnskap om mykje. Me skal bidra til at alle barn får bruke kunnskapen sin, dele tankane sine og vera ein positiv faktor for fellesskapet. Barn skal bli sett og høyrte, og alle skal løftast fram. Dei skal bli tatt på alvor og respekterast for den dei er og dei lærerprosessane dei er i. Det gode i barnet skal alltid brukast som eit utgangspunkt, og me har tru på at barnet kan

Barns medverknad



«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen» (Rammeplanen s. 27).

Dette betyr ikkje at barna alltid skal få bestemme sjølv, men at dei skal bli møtt med forståing og respekt. Det er me vaksne rundt barna som har ansvar for å sørge for god struktur og tydelege grenser i barnehagen, samtidig som me skal møte barn med anerkjennning. Ved å fange opp og tolke barns uttrykk, vil me betre forstå og støtte barn uavhengig av kjensler, sinnstemning og dagsform. Målet er at alle barn skal føle seg verdifulle, samtidig som me ikkje skal gi barn meir ansvar enn det dei er rusta til å ta (rammeplanen, s. 27).

Barn uttrykker seg på mange måtar, men samtalens og dialogen er kanskje den mest vanlege. Ved å vera lyttande og mottakeleg for det barna seier og viser med kroppsspråket sitt, skal me streve etter å vera ein god og støttande samtalepartner for barnet, som bidreg til at barnet utvidar sitt perspektiv og får ei oppleveling av at dei kan påverke livet i barnehagen.

Foreldresamarbeid

Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet skal alltid ha barns beste som mål, og foreldra og personalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg (rammeplanen, s. 29).

Me har dagleg kontakt med foreldra, og skal saman sørge for at barnet får gode dagar i barnehagen. Det er viktig å gi barnet ein god start om morgonen, og det må vera eit felles mål

å skapa gode leveringsrutinar. Leveringa skal vera trygg og stabil, og gi rom for utveksling av nødvendige opplysningar.

Det vert lagt opp til to foreldresamtalar i året, ein om hausten og ein om våren. Utover dette kan både foreldre og barnehagen innkalle til samtale dersom behov. I tillegg er det foreldremøte ein gong i året. Foreldremøtet er ein arena for å uttrykkja seg, komme med innspel og få fagleg påfyll. Det blir og laga månadsbrev frå kvar avdeling, som skal fungere som ein informasjonskanal ut til foreldra. Bilete og månadsplan blir lagt ut på Kidplan, bruk appen

Omsorg, leik og læring

«Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vera trygge og trivast., og for at dei skal utvikla empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre.» (Rammeplanen s.19).

Eit viktig teikn på at barn er trygge i barnehagen, er at dei leiker og utfaldar seg. Leiken skal ha ein sentral plass, og barnehagen skal gi alle barn høve til å leike. I leiken har barna høg kompetanse og stort engasjement, og personalet skal anerkjenne barn sitt behov for å leike. Leik er ein arena for å uttrykkje seg, og for å bearbeide opplevingar og erfaringar.

Leiken er også ein del av barnekulturen, der barnetradisjonar blir overført frå eldre til yngre barn. Eit godt leikefellesskap gir grunnlag for trivsel, venskap, humor, spenning og glede. Leiken skal vera styrt av barna sjølve, men personalet i barnehagen skal leggje til rette for eit fysisk og psykisk miljø som stimulerer og inspirerer til variert leik. Me skal ha eit positivt syn på leiken, vise respekt for barns kreativitet og leikekultur, og gi støtte og hjelp til barn som fell utanfor leikefellesskapet. Me legg vekt på leikegrupper som alle kan trivast i, og me skal vera tett på barna i leik slik at me kan sjå den enkelte, lytte til barna og fange opp når barn ikkje har det bra i samspel med andre. Dette gjeld både ute og inne.

Leik er den viktigaste læringsarenaen. Leiken er som ei verd der alt er mogeleg, der heile kroppen blir brukt og der barna blir utfordra på nye ord og omgrep. Barna får utforska, testa ut og utvida perspektivet sitt. Dette kan gi ny innsikt og verdifull læring som barna kan overføre til verkelegheita. Me vil gjennom året gi barna ulike opplevingar som kan gi inspirasjon til leik, og blant anna gjennom bøker som me les i barnehagen kan barna utvikla eit felles grunnlag for leik.

Mål: Barna skal dagleg oppleve glede og vennskap gjennom leik.

For å oppnå dette skal personalet:

- Ivareta barna sin leik og ha respekt for gryande vennskap.
- Skape tid og rom for leik.
- Aktivt bidra til at alle kjem inn i leik.
- Bidra til at konfliktar blir løyste på ein god måte, til dømes ved å snakke med barna om vonde kjensler og lytte til barnas meiningar.

Danning

«Barnehagen skal oppmuntra barna til å vera prøvande til og nyskjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.» (Rammeplanen s21)

Danning handlar om ein livslang utviklingsprosess, der barna skal utvikle kulturelle og praktiske ferdigheter og personleg og sosial kompetanse. Danning kan definerast som ein person sine allmennkunnskapar, kulturell oppførsel og innsikt i det tradisjonelle samfunnet. Barnehagen blir i dag sett på som ein del av utdanningsløpet til barna. Barna lærer gjennom erfaring og støtte å meistre dei utfordringane eit samfunn og eit fellesskap kan by på. Gjennom leik og kvardagsaktivitetar får barna kunnskap om seg sjølv og andre, og om korleis ein sjølv kan vera med å påverke fellesskapet. Barna får øve seg i å ytre seg, løyse konfliktar, dele, hjelpe, støtte og elles det som gjer ein til ein god samfunnsborgar. Barna skal forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet, samtidig som ein skal ta vare på individuelle uttrykk og handlingar.

Inkluderande barnehagemiljø

Alle barnehagane i Bømlo Kommune har eit viktig ansvar for å skape inkluderande barnehagemiljø. Inkluderande miljø betyr at personalet og barna er i gode relasjonar og samhandlingar, at alle opplever å bli sett og høyrt, og at mangfaldet er ein ressurs for fellesskapet. I vår barnehage har me ein visjon som seier at me er ein barnehage som blømer heile året. Det betyr at me alltid strever etter at barn skal trives, meistre liva sine, føle livsglede og oppleve at dei er ein viktig del av fellesskapet. Me vaksne skal aktivt gå inn for å styrke barns sjølvbilete og gi dei ei kjensle av eigenverdi. Me skal vera tett på for å anerkjenne barna

sitt positive samspel, ha samtaler med barna om følelsar og handlingar, og ha evne til fange opp og rettleia barn som strevar. Det er særleg viktig at me førebyggjer, avdekker, stopper og handterer mobbeåtferd. Barnehagelova har no ein eigen paragraf som omhandler plikta vår ved mobbeatferd.

Eit ledd i arbeidet med å skapa eit inkluderande barnehagemiljø, er å ta i bruk verktøyet «Være sammen», og å implementere den autoritative vaksenstilen. Det å vera autoritativ betyr at dei vaksne viser varme og omsorg overfor barnet, samtidig som dei er tydelege og grensesetjande (Pål Roland). Den varme og grensesetjande vaksne arbeider bevisst med å utvikle gode relasjonar til barnet og viser ein aksepterande haldning. Forsking viser at utøvinga av den autoritative vaksenstilen bidreg til å fremja positiv åtferd og hemma negativ åtferd hos barnet, og personalet skal tileigna seg auka kunnskap kring dette ved å lese teori og reflektere over egen praksis. Langevåg barnehage/Hillestveit skule deltek i nasjonal satsing vedr inkluderande barnehage-skulemiljø.

God sosial kompetanse er ein faktor som kan førebyggje mobbing og krenking i barnehagen. Me vil derfor gå aktivt inn for å styrke barns sosiale kompetanse og gi dei rike erfaringar i å samhandle med barn og vaksne på ein god måte.



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er eit sett av ferdigheiter, kunnskapar og haldningar ein treng for å meistre ulike sosiale miljø. Sosial kompetanse ein føresetnad for vennskap og sosial integrering, ein ressurs for å meistre stress og problem og ein viktig faktor for å motverka utviklinga av problemåtferd (udir).

Det er særleg fem området som er viktige i arbeidet med å styrke barns sosiale kompetanse:

- **EMPATI OG ROLLETAKING** (setje seg inn i andre sine følelsar)
- **PROSOSIAL ATFERD** (følgje regler og beskjeder, dele og hjelpe kvarandre)
- **SJØLVHEVDELSE** (kunne be om hjelp, stå for noko sjølv og reagere på andre sine handlingar)
- **SJØLVKONTROLL** (vente på tur, kunne reagere på andres utspel utan å vera fysisk)
- **LEIK, GLEDE OG HUMOR**

Sosial kompetanse blir utvikla over tid, og me skal ha respekt for at barna er i ein læreprosess. Sosial kompetanse er ikkje noko ein er født med, og me vaksne må forstå at barn treng å prøve og feile.

Mål: Barna skal meistre ulike sosiale ferdigheiter gjennom å øve i trygge omgjevnadar.

For å oppnå dette skal personalet:

- Rose positiv åtferd
- Vera autoritative vaksne
- Støtte og rettleie barna
- Sørgje for at barna opplever glede og samspel med andre barn.

Språkarbeid

Barn omgir seg med språk heile tida, og tileignar seg språkleg kompetanse først og fremst ved å bruke det saman med andre. Språket blir dermed utvikla gjennom naturlege situasjonar og gjennom det å vera ein del av fellesskapet. Me skal «bade» barna i språk, og leggje til rette for både formelle og uformelle språkstimulerande aktivitetar. Me skal vera samtalepartnarar, og

fremje barn sine evner til å samtale med andre. *Barnehagen skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling* (rammeplanen, s. 23).

Språk er eit satsingsområde i Bømlo kommune. Me har tatt i bruk språkprogrammet «Språkløyper», som består av ulike kompetanseutviklingspakkar:

- Språk og leseaktivitetar
- Barns språkkvardag
- Overgang frå barnehage til skole
- Språkvanskar

Systematisk arbeid med språkpakkane har til hensikt å styrke barnehagen sitt daglege arbeid med språklæring. Me vil fremja eit godt språkmiljø der vaksne er gode språkmodellar, har kunnskap om korleis me kan leggja til rette for språklæring og som har fokus på at barn sjølv er aktive i læreprosessen.

Mål: Barna skal utvikla språket sitt gjennom daglege samtalar, leik, erfaringar og opplevingar.

For å oppnå dette skal personalet:

- Vera bevisste på si rolle som språkmodellar og språklege førebilete.
- Leggje til rette for gode lesestunder, til dømes ved å lese i små grupper og tilpassa bøker til barns alder og modning.
- Vera undrande og lyttande, og skape rom for dialogar med barna. Me skal anerkjenne barns verbale og ikkje verbale uttrykk.
- Vera merksame på dei barna som «krev» minst.
- Ha daglege samlingsstunder, med fokus på eventyr, bøker, songar og rim & regler.

Den digitale praksisen til barnehagen

Bruk av digitale verktøy det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt eit allsidig læringsmiljø for alle barn» (Rammeplanen s.44).

Me har tilgang til digitale verktøy som pc, mobiltelefon/kamera, kopimaskin og scanner, og me har ei heimeside som flittig blir brukt til blant anna dokumentasjon gjennom bilde. Barna skal vite at dei har rett på personvern og at det finns strenge reglar for korleis me skal bruke bileta me tek av barna.

Barna er sokjande, nysgjerrige og lærevillige, og det er viktig at me lytter til barna og undrer oss saman med dei. Me bruker ulike metodar til å innhente informasjon om det barna er opptekne av. Bruk av digitale verktøy skal vere vaksenstytt og ikkje dominere som arbeidsmåte.

Mat og måltid

«Personalalet skal bidra til at barna tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar om kost, hygiene, aktivitet og kvile..... og legge til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna» (Rammeplanen s.50).

Langevåg barnehage tilbyr frukost, frukt, smørjemåltid og ettermiddagsmat. Det er viktig å gi barn variert og sunn kost, og la dei få gode måltidsopplevelingar. Dette inneber at barna får delta i ulike aktivitetar innanfor mat og måltid, at dei får vera med å lage mat og sjå at mat kan presenterast på ulike måtar.

Måltida er ein fin anledning til å samlast og til å snakke saman. Me vil og ha fokus på bordskikk og kva som er forventa av oss når me sit rundt matbordet.

Overgang frå småbarnsavdeling til stor avdeling

Rundt 2-3 årsalder skal barn over på stor avdeling. Me har eit ansvar for å gjere denne overgangen god og trygg og vil difor:

- La barna gå på besøk til den «nye» avdelinga sin. Denne besøksordninga blir tilpassa barnet sitt behov. Eit mål er at barna får delta i leik og måltid og at dei skal bli meir kjende med barn og vaksne.
- La barna leike på tvers av avdelingane så ofte som mulig, ikkje berre når dei skal flytte. Me er ein «open» barnehage, noko som betyr at barna har tilgong på alle avdelingane.
- Overgangssamtale ved behov.

Fellesfrukost kvar dag er med på å sikre at barna vert godt kjende med alle vaksne «på huset». Det same gjeld fellesturar og andre fellesaktivitetar. Eit godt samarbeid på tvers av avdelingane er med på fremje trivsel og tryggheit.

Overgang frå barnehage til skule

Bømlo kommune har utarbeida ein plan for overgang barnehage-skule kalla "Klar for skulestart". Denne planen skal vera eit verktøy for å sikre best mulig overgang for kvart enkelt barn, og inneholder tidspunkt for samarbeidsmøter, innhald og kven som har ansvar.

Langevåg barnehage vil leggja til rette for eit godt samarbeid med Hillestveit barne –og ungdomskule ved blant anna:

- Å invitera 1.klasse på besøk
- At skulegruppa vitjar / går på tur med 1.klasse
- Å delta på førestillingar og aktivitetar i skulen sin regi
- Å delta på skulegudstenesta
- Å delta på overføringsmøter saman med skulen og foreldre
- Å fylle ut overgangsskjema saman med foreldre
- Felles foreldremøte barnehage/skule

Barna som går siste året i barnehagen deltek på skuleførebuande aktivitetar. Skuleklubben møtes 2 dager frå kl. 10-14. Noko av innhaldet i skuleklubben er å trena på å bli sjølvstendig, bli kjend med tal og bokstaver, lese bøker, trafikkopplæring, toppturar, fisketur og overnatting i barnehagen.

Trafikksikker barnehage

Langevåg barnehage er ein trafikksikker barnehage. Det er laga handlingsplan for korleis me oppfører oss på tur utanfor barnehagen. Dette gjeld for turar i nærmiljøet og for turar med buss/taxi. Det er også laga reglar for foreldre og personale i høve parkeringsplassen. Trafikksikring vil bli tatt opp på foreldremøta kvar haust.



Fagområda til barnehagen

«Fagområda speglar områder som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse» (Rammeplanen s. 47). Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng og som ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. «Barnehagen skal legge til rette for prosesjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdighetene sine» kvar enkelt (Rammeplanen s.44). Me legg derfor opp til aldersadekvate aktivitetar.

Fagområde 1: Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagen skal bidra til at barna bruker språket i samspel med andre barn, og at dei uttrykkjer tankar, følelsar, meininger og erfaringar. Barnehagen skal leggje til rette for at barna leiker med og utforskar språket, at dei utviklar omgrepsforståing og bruker eit variert ordforråd. I tillegg er det viktig at barna opplever spenning og glede gjennom til dømes høgtlesing og eventyr.

Personalet i barnehagen skal skape eit variert språkmiljø, synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, invitere til samtaler, oppmuntre og støtte, tilby mangfald av bøker og songar og inkludere alle barn.

1-2 år	3-4 år	5-6 år	Alle aldersgrupper
Her -og no samtalar	Her -og no samtalar	Skuleklubb	Bokkassar
Setja ord på det barnet ser, opplever og føler.	Bøker med meir skrift	Der –og då samtalar	Språkløyper
Peike –og biletbøker	Rim og regler	Dramatisering	Snakkepakken
Enkle songar, rim og regler	Spel	Spel	Rytme
		Bokstavar og tal	Leik
		Tekstskaping	Songar
			Rim og regler

Fagområde 2: Kropp, rørsle, mat og helse

Barnehagen skal bidra til at barna liker å bruke kroppen sin, blir kjend med kva kroppen kan og kva den treng, vidareutviklar motoriske ferdigheiter, blir trygge på seg sjølv, set egne grenser og utviklar kunnskap om mat.

Personalet skal vera aktive saman med barna, gi barna tilgang til varierte opplevingar, la barna delta i matlaging og leggja til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltidsglede.

1-2 år	3-4 år	5-6 år	Alle aldersgrupper
Krype, rulle, gå, springe, hoppe.	Sansemotorisk leik	Kroppen min	Leik / leikeapparat
Sansemotorisk leik	Aktivitetar på tur	Topptur	Deltek i matlaging
Rutinesituasjonar	Songleikar	Songleikar	Turar i nærmiljøet
			Finmotoriske aktivitetar
			Tradisjonar

Fagområde 3: Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal bidra til at barna har tilgang til utstyr og materiale, at dei møter ulike uttrykksformer og bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede.

Personalet skal blant anna samtale med barna om eigen og andres kunst, vera støttande og lydhøye, vise respekt for det barna har laga, motivere barna til å uttrykkje seg gjennom blant anna musikk og dans og la dei få utvikle varierte uttrykksformer.

1-2 år	3-4 år	5-6 år	Alle aldersgrupper
Abstrakt uttrykk	Konkret uttrykk	Detaljert uttrykk	Maling/teikning
Utforske leikeutstyr	Leiken har mål og meinings	Leiken har fleire innslag frå verklegheita	Tar i bruk ulike teknikkar, utstyr og materiale
Sansemotoriske aktivitetar	Snekring, dramatisering og dans	Snekring, dramatisering og dans	Utkledning/karneval Snakkepakken Instrument Bøker Leik

Fagområde 4: Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal bidra til at barna vert glade i og utviklar respekt for naturen, og at dei får varierte opplevingar knytta til natur og miljø.

Personalet skal legge til rette for spørsmål og samtale rundt barnas opplevingar. Dei skal utforske, synleggjere og eksperimentere saman med barna.

1-2 år	3-4 år	5-6 år	Alle aldersgrupper
Sansemotorisk leik Føle, smake lukte, høyre	Eksperiment Sortere boss Førstehjelp	Eksperiment Sortere boss Førstehjelp	Turar i nærmiljøet Mat på bålpanne og stormkjøkken Årstider og vær Bli kjende med dyr, fisk, planter, landskap og natur

Fagområde 5: Mengd, rom og form

Barnehagen skal bidra til at barna undrar seg, utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep, leiker og eksperimenterer med tal, bruker kropp og sansar for å utvikle romforståing og at dei får sortera, undersøkja og erfara.

Personalet skal bruke matematiske omgrep, inspirere gjennom bøker, spel etc, gjere barna meir nysgjerrige, gi dei matematiske erfaringar og stimulere og støtte barns evne til problemløysning.

1-2 år	3-4 år	5-6 år	Alle aldersgrupper
Duplo	Lego/duplo	Lego/duplo	Puslespel
Putteboksar	Dekke bord Matlagning Tal og bokstavar	Dekke bordet Måle høgde Butikkleik Bakeaktivitetar Tal og bokstavar	Song, rim og regler Teikning, fargelegging, perler og kitt Snakkepakken Bøker Lage hytte Bøker, spel, musikk Naturmateriale Leik Sorterting



Fagområde 6: Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdiar og ulike religionar, at dei får undre seg og utviklar interesse, toleranse og respekt for kvarandre og at det er ulike måtar å leve på.

Personalet skal formidle forteljingar, skape rom for barns opplevingar, samtale og tankar, identifisere verdikonfliktar i kvardagen og reflektera over desse.

1-2 år	3-4 år	5-6 år	Alle aldersgrupper
Utvikle interesse og respekt for kvarandre, og nysgjerrighet for omgjevnaden.	Setje ord på etiske problemstillingar Få kjennskap til kristne tradisjonar og verdiar	Fremja forståing og toleranse for andre.	Samtale og undring

Fagområde 7: Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barna vert kjende med nærmiljøet sitt og at dei lærer å ferdast trygt. Barnehagen skal bidra til at barna får oppleve å vera delaktig i eit demokratisk samfunn og får kjennskap til minoritetar.

Personalet skal la barna kjenne at dei er viktige for fellesskapet, fremje likestilling og motverke diskriminering, gi gryande kjennskap til menneskerettighetane og gjere barna kjende med ulike kulturar og levesett .

1-2 år	3-4 år	5-6 år	Alle aldersgrupper
Sjå på det som skjer rundt oss. Meg sjølv i barnehagen	Tur, bilete og forteljingar Tur til Espevær Kyrkjesøk Samtale og refleksjon	Tur, bilete og forteljingar Toppturar Skulebesøk Skulegudsteneste Samtale og refleksjon	Besøk til omsorgstunet, bygdetunet, biblioteket, skogen, fjellet, idrettsbanen, skuleplassen og butikken. Barns medverknad

